

**Visitaforedrag på visitas i Landås, Slettebakken, Årstad og Fridalen 26. april 2026**

Kjære kyrkjene under Ulriken!

Takk for gudstenestefellesskapet vi har opplevd denne morgonen. Takk for at vi kunne høyre evangeliet og feire nattverd saman; at vi fekk vere saman i songen og bønene, og takk for at vi kunne helse kvarandre med Guds fred. Må Guds fred, som overgår all forstand, slå rot i våre hjarte!

Bispegarden ligg øvst på Kanonhaugen.

Når eg ser ut av stoveglasa ser eg sjølvsgatt Landås kyrkje, og eg har lært å kjenne att lyden av kyrkjeklokkene som kallar oss til seg. Men om eg slår opp døra ut til hagen, kan eg - når vinden står i rett retning - også høyre andre kyrkjeklokker; kyrkjeklokkene under Uriken. Eg kan skimte tårn, eg veit at eg er omgjeven av gudshus, av fellesskap der eg er invitert inn, der eg kan få høyre til.

Eg er glad og takksam for visitasdagane denne veka, og eg kjenner at eg er blitt enno betre kjent med både Landås, Slettebakken, Årstad og Fridalen.

Eg har fått vere med på korøvingar i Fridalen.

Eg har vore på generasjonssong med lunsj i Årstad, der gleda over å vere saman med dei aller minste mellom oss og hjå oss som har levd lenger, verkeleg var til å kjenne!

Eg har møtt konfirmantar og ungdomsleiarar i Slettebakken, og i dag har eg på særleg måte fått vere del av gudstenestelivet her i Landås.

Eg har hatt møte med prostiets prestar heime i bispegarden, og med alle tilsette i dei fire kyrkjelydane.

På torsdag hadde eg møte med alle fire sokneråda der vi prata om vegen vidare. I tillegg har eg hatt mange enkeltsamtalar med tilsette.

Til saman har alt dette gjort at det har vore ein spennande visitas. Ikkje berre fordi eg bur her på Landås, og slik sett også er litt på besøk hjå meg sjølv, men fordi eg har fått eit godt innblikk i fire kyrkjelydar som står midt oppe i ein levande og krevjande prosess. Ein prosess de har kome langt i.

Etter ein visitas skal biskopen oppsummere sine inntrykk i dette visitaforedraget, som er blitt til i samarbeid med kyrkjefagsjef Tore Skjæveland og etter samtale med prost Maren Flotve Tischendorf.

***Ein levande og krevande prosess.***

Ja, prosessen her *er* levande. Eg møtt menneske som lever *med* Jesus, og som lever *for* og *med* kyrkja si.

Den er *levande* fordi eg merkar at her er tradisjonar og gode opplevingar som har forma oss, og som vi gjerne vil halde fast på.

Den er *levande* fordi livet står ikkje stille, men gir oss stadige utfordringar - og *mange utfordringar* - vi slett ikkje har bede om. Og det kan vera krevjande.

Det *er* krevjande å forhalde seg til skiftande rammer og slunke budsjett, og å måtte arbeide på litt nye måtar. Eg har respekt for at det kan vera krevjande for sokneråda som må planlegga, vedta og finna den beste vegen framover for fire levande kyrkjelydar. Det kan også opplevast krevjande for frivillige som er glade og trygge i sine oppgåver, men som blir usikre når det blir endring. Det er krevjande når gudstenestevaner vert endra.

Som biskop har eg lytta til dei som synes det er krevjande med endring, så vel som dei som møter endring med kreativitet og håp.

Når eg skal oppsummera alt eg har sett her i Landås, Slettebakken, Årstad og Fridalen er det heilt tydeleg at *levande* er ein betre karakteristikk enn **krevjande**.

For 70 år sidan var det berre eitt sokn i dette området - Årstad. Årstad har røter tilbake til reformasjonstida då det var eit sokn langt ute på landet. Men byen Bergen står aldri stille, den veks og utviklar seg, og kyrkja følgde med og opna opp for å gje rom til fleire. Så i 1937 vart Fridalen annektskyrkje bygd, og i 1957 vart det eige sokn i Årstad prestegjeld med felles sokneprest. Men byen vaks framleis, og berre to år seinare, i 1959, vart det utskilt to nye sokn: Landås og Slettebakken. Fødd av byutvikling og folketalsauke vart dei to nye sokna snart til to nye levande kyrkjelydar.

Når endringar skjer, og må skje, er det godt for meg som biskop å vita at det er så mange dyktige folk her, i sokneråd og stab, som både kan føra arven vidare og ta val for framtida. Eg er glad for at de så tydeleg har vald samarbeid.

Samarbeid krev god informasjon til alle og felles møtepunkt. Difor trur eg det er klokt at de minst ein gong i semesteret samlar sokneråda og stabane til ein felles samtale om det å vera Kyrkjene under Ulriken. For dette er eit arbeid som kjem til å vere i stadig utvikling. Då må de også ta ein fot i bakken og sjå kvar er de no, og kvar går de vidare.

## Strategi

Det er flott å lesa i visitasmeldinga at alle fire kyrkjelydane har som mål å arbeida strategisk slik at det blir gudstenester som kyrkjelyden kjenner seg igjen i, og som blir gudstenester for det større «vi», ja – det som er blitt «Kirkene under Ulriken». For det er jo det de er.

## **Gudstenestelivet**

Gudstenestene er sjølv pulsslaget i kyrkjelyden sitt liv. Det er samlinga om ord og sakrament der vi tek imot frå Gud, og gjev Gud takk og ære.

Sjølv om ressursituasjonen gjer at vi ikkje kan ha same gudstenestefrekvens som før, er det likevel eit rikt og levande gudstenesteliv her under Ulriken.

Det er klokt at ein vald å avstemma gudstenestene etter kvarandre, slik at det skal vera kort veg til gudsteneste kvar søndag sjølv om ein går ned på talet på gudstenester i kvar kyrkje.

Eg veit at det har vore diskusjon om gudstenestetalet. Då er det ryddig av meg å slå fast: Biskopen har bestemt at talet på gudstenester i kvar kyrkja som det er planlagt for i år, det skal stå fast. Slik det er no, slik blir det.

## **Kyrkjemusikk**

Kyrkjemusikken løfter oss opp til lovprising av Gud i song og tonar. Det har vi fått rikeleg demonstrert i dag. Og det er ikkje berre det at det er vakkert med korsong. Nei, det å synga gjer noko med oss, det utviklar oss og bind oss saman. Difor er eg glad dyktige kyrkjemusikarar og frivillige som forstår å bruka musikk og kor og konsertar som kyrkjelydsbygging.

## **Korarbeidet**

Eg gler meg over at det er kor i alle fire kyrkjene, og at de til saman femner så breitt. Her er det kortilbod for alle, vaksne, ungdom, tweens og barn, både formiddag og kveld. Det er kortilbod i alle fire kyrkjene. Og særleg i Fridalen har korarbeidet gjeve ein heilt eigen identitet til staden. Det skjer sjølv om korsongarane kjem frå fleire kyrkjelydar, ikkje minst frå dei tre andre i denne delen av prostiet. Songen knyter oss saman på tvers av generasjonane og spreier glede og utdjupar trua og lovsongen til Guds ære.

## **Misjon**

Vi tilhøyrer den verdsvide kyrkja, difor er eg glad for at alle fire sokna har eige misjonutval. Og eg ynskjer lukke til med samtalan om korleis ein kan jobba saman, kanskje med felles misjonsprosjekt.

## **Diakoni**

Når eg les om alt det fine som skjer i det diakonale arbeidet, blir eg både stolt og glad. Her er levande kyrkjelydar som gjer ein stor innsats, anten de har tilsett diakon eller ikkje. Eg vil gje honnør til diakonar, diakonimedarbeidar, diakoniuval og frivillige som får til matutdeling, andakter og gudstenester på sjukeheimane; kyrkjeskysst til gudstenester, pensjonistturar, sosiale tilbod i julehøgtida, lunsjkonsertar, Quiz-kafé, Pust i bakken for ungdom, kvinnegruppe, open kyrkje, strikkekafé og sikkert noko eg ikkje her fått med meg.

## **Frivillige**

Eit kjenneteikn på levande kyrkjelydar er at folk vil engasjera seg i arbeidet og i frivillig teneste.

Her er mange frivillige, i store og små oppgåver. Nokre har stått på lenge i si kyrkje, og andre har kome til fordi samarbeid gjer at det kan vera lettare å engasjere seg. Eg vil seia tusen takk til dykk, tusen takk for dei timane de gjev til fellesskapet og for at de er med og gjere kyrkja truverdig. I tida framover må vi også arbeide med korleis å ta godt vare på dei frivillige i kyrkja; det er ei stor gåve, og det er naudsynt for det vi vil gjere. Men vi kan ikkje ta det for gjeve.

## **Undervisningsarbeidet**

De har samla den kyrkjeleg undervisninga for born og unge slik at ein ikkje lenger sit i små stillingar kvar for seg, men har tre 100% stillinger som kan arbeida saman og få til meir. Det er ei av store gevinstane ved dette samarbeidet. Når de i tillegg har dyktige og engasjerte medarbeidarar som er opptatt av at barna skal få Jesus i hjertet og bli kjent med kyrkja si, så blir dette bra. Samtidig har de syn for at noko må skje lokalt og noko felles, avhengig av aldersgruppe. Saman med frivillige har de fått til blant anna barnesamling med middag i alle kyrkjene, og påskevandring i alle kyrkjer. De har no eit felles søndagskularbeid og tweensarbeid, og det er fint å sjå at allereie no er det enda fleire som tek del i arbeidet.

Ei anna av fruktene av samarbeidet er felles konfirmantarbeid i Landås og Slettebakken. Det likar konfirmantane, og det er godt for dykk som har ansvar i arbeidet.

## **Ungdomsarbeid**

Ungdomsarbeidet i denne delen av Bergen er unikt, og noko de både kan vere stolte av og som de må takke for. Det er ikkje spesielt at kyrkjelydar samarbeidar om konfirmantane. Men det er ganske unikt at heile 80% av konfirmantane blir med vidare i fellesskapa etter at konfirmanttida er over. De tilbyr leiarkurs og fellesskap og eit godt ungdomsmiljø, det er eit merke som de ikkje må tenke lite om. Ta vare på og sats på ungdomen.

Og det er flott når de kan sjå dette som felles tilbod. Ungdomane ser ikkje på soknegrenser; dei ser gleda i å vere saman – og å vere mange.

## **Informasjon**

Til sist, men ikkje minst: Informasjonen om alt de gjer og driv på med, må bli betre. De har så mykje godt arbeid og så flotte tilbod som mange kan ta del i. Ein felles kalender på alle

kyrkjelydane sine nettsider så ein ikkje må logga seg inn fire plasser for å finna ut kva som skjer, vil gjere det enda enklare å få oversikt alt de tilbyd.

Bli gode på informasjon. Lag ei god nettside så folk kan sjå alt det gode som skjer. Bruk «Skjer i kyrkja» og legg inn egne bilete.

## **Takk**

Til slutt vil eg takka alle som har vore med å gjera dette til ein flott visitas med mange gode opplevingar.

Eg vil takka prestane, soknerådsrådsleiarane, dei daglege leiarane, og fellesrådet sin administrasjon og alle dei i staben som har vore med å skrive visitasmeldinga, som inneheld mykje god informasjon. Takk til dei fire stabane for god tilrettelegging og takk til alle frivillige som har bidratt.

Ein særleg takk også til prost Maren Flotve Tischendorf som har vore med å planlegga og gjennomføra visitasen, og som er biskopens utstrekke arm til sokna i Bergensdalen og til Landås, Slettebakken, Årstad og Fridalen når biskopen ikkje er her.

Og så nokre utfordringar til dykk, som oppsummerar denne visitasen. Og om eit halvt år vil eg ha ein rapport om korleis de har arbeidd med dette:

- Gå til gudsteneste regelmessig, både for dykkar eiga skuld og for å gje Gud ære. No har de fire kyrkjer og det er gudstenester både søndag og kvardag. Gå til kvarandre, og ta del i gudstenestefellesskapet og ta godt imot dei som kjem til di næraste kyrkje.
- Felles møtepunkt er viktig, særleg når ein er i eit prosjekt for å få til noko saman. Minst ein gong i semesteret bør sokneråda og stabane samlast til ein felles samtale om det å vera Kyrkjene under Ulriken.
- Bli kjempegode på informasjon. Lag felles oversikter over arbeidet og gudstenester i dei fire kyrkjene. Lag ei god nettside så folk kan sjå alt det gode som skjer. Bruk «Skjer i kyrkja» og legg inn egne bilete.

Og med desse utfordringane takkar eg for meg og tar med meg mange flotte inntrykk. Eg vil bere dykk alle og desse dagane i hjartet, og ynskjer Guds velsigning over folket i Landås, Slettebakken, Årstad og Fridalen.

Bjørgvin bispestol, 26. april 2026

Ragnhild Jepsen